

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Punkt 3 i saka utgår, PS 260/17 Godkjenning av møteinnkalling.

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Roald Stenseide (Frp) er styremedlem i Askøy bompengeselskap AS
- Anne Beth Njærheim (V) er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS
- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Jondalstunnelen AS

Stenseide, Njærheim og Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Det var 12 representantar til stades.

### **Røysting** (spørsmål om inhabilitet)

Fordi punkt 3 i fylkesrådmannen sitt forslag ikkje lenger var med forslaget, vedtok fylkesutvalet samrøystes at Roald Stenseide, Anne Beth Njærheim og Benthe Bondhus ikkje var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Stenseide, Njærheim og Bondhus tiltredde saksbehandlinga. Det var 15 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldninggaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån til Stordalstunnelen på inntil 160 mill. kr. I tillegg til hovudstol omfattar garantien inntil 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar.
2. Garantiansvaret gjeld maksimalt fram til utgangen av 2026.